

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelingen
Pb 5091 Majorstua
0301 Oslo

10.07.2025

**Søknad om senking av vasstand under LRV for dam Blåfjellvatn og dam Vesle
Trevassdalsvatn, Steinsvik kraftverk.**

Viser til manøvreringsreglement for dei aktuelle dammane gitt i kgl.res. av 15. mai 2009.

Sognekraft Produksjon har behov for å senke vasstanden i dam Blåfjellvatn og dam Vesle Trevassdalsvatn i samband med utbetring av ein lekkasje og gjennomføring av kontroll/tilsyn i samband med revurdering av dammane.

Dam Vesle Trevassdalsvatnet har ein lekkasje i ein støypeskøyt. Denne støypeskøyten ligg under LRV og for å utbetre lekkasjen må reparasjonen gjerast på oppstraums side. Lekkasjepunktet ligg ca 1 m under LRV. Sjå bilde av lekkasjepunkt i vedlegg side 3.

Vi er i gang med revurdering av både dam Vesle Trevassdalsvatn og dam Blåfjellvatn. Det er utført synfaring på fulle magasin. For å kunne utføre kontroll på oppstraums side er det planlagt synfaring på nedtappa magasin i starten av september. For å kunne utføre ein fullstendig kontroll av oppstrøm side samt tappearrangement på begge dammane ynskjer vi å senke vasstanden under LRV.

Dam Blåfjellvatn har følgjande vassnivå:

- HRV kt 882,7
- LRV kt 875,7
- Luketerskel kt 875,2

På dam Blåfjellvatn søker vi om å få senke vasstanden 0,5 m under LRV, til kt 875,2.

Dam Vesle Trevassdalsvatn har følgjande vassnivå:

- HRV kt 727,0
- LRV kt 722,4
- Lekkasjepunkt ca kt 721,0
- Luketerskel kt 718

For å kunne utføre grundig kontroll av lukekammer og luke ynskjer vi primært å kunne få senke vasstanden ned til luketerskelen på kt 718.

Alt. 1: På dam vesle Trevassdalsvatn søker vi primært om å få senke vasstanden 4,4 m under LRV, til kt 718,0.

Alt. 2: Alternativt senke vasstanden 2,4 meter under LRV, til kt 720.

Vi vurderer ikkje at senking av magasina vil ha nokon miljømessige konsekvensar utover det visuelle. Det er ikkje hytter i området og området er lite brukt til rekreasjon. I den grad det er reproduksjon av aure i vatna så startar gyteperioden normalt i oktober i vatn/elvar i høgfjellet. På dette tidspunkt vil vasstanden i magasina vere tilbake til normalt nivå.

Ta kontakt viss noko er uklart.

Med helsing

Sognekraft Produksjon AS

Kåre Fosse

Prosjektleder

Vedlegg 1 Bilder at damanlegga og lekkasje



1 Dam Blåfjellvatn




2 Dam Vesle Trevassdalsvatnet




3 Lekkasje i støypeskøyt

Vedlegg 2 Snitt av damkonstruksjonane



Snitt dam Blåfjellvatnet



Snitt dam Vesle Trevassdalsvatnet